

# Årsmelding 2011

## NJFF SOGN OG FJORDANE



Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid

# ÅRSMØTE SKEI HOTEL 17-18. MARS 2012

## INNHALDSLISTE

Program og sakliste årsmøte	side 3
Styret sine framlegg til vedtak	side 4
Nokre ord frå leiaren	side 7
Årsmelding 2011 frå fylkeslaget	side 8
Rekneskap 2011	side 25
Medlemsutvikling	side 27
Statistikk Internett	side 30
Kontorutstyr og utstyr i fylkeslaget	side 31
Årsplan for 2012	side 32
Budsjett 2012	side 40
Vedtekter	side 41

Vedlegg: 1 Plakettvinnarar jakttskyting, LM og FM  
Vedlegg: 2 Medlemsutvikling lokallaga



## PROGRAM ÅRSMØTE

<b>Laurdag 17. mars</b>	kl. 13.00	Lunsj
	Kl. 14 .00	Velkomen
		<i>Jakt- og Fiskeskule v/Bjarne Huseklepp</i>
		<i>Mediatrening Ved Ole Kirkemo</i>
		<i>Kva stoff er Jakt &amp; Fiske interessert i?</i>
		Heiderspris og barne- og ungdomspris
		Nytt frå NJFF v/ Øyvind
	Kl. 17.00	Årsmøtesaker
	Kl. 20.00	Middag
		Dans ved husorkesteret
<b>Søndag 18. mars</b>	Kl. 09.00	Årsmøtesaker
	Kl. 10.30	Kaffepause med varm eplekake m/krem
	Kl. 10.45	Årsmøtesaker
	Kl. 13.00	Open time
	Kl. 14.00	Lunsj, avreise

Pausar etter behov.  
Programmet kan bli endra.

## SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
  - Namneopprop
  - Val av ordstyrar
  - Val av sekretær
  - Val av teljekorps
  - Val av 2 delegatar til å skrive under årsmøteprotokollen
  - Godkjenning av fullmakter
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av sakliste
  - Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2011
3. Revidert rekneskap for 2011
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Aksjekjøp Jakt- og Flskesenteret
6. Styret sitt framlegg til årsplan 2012
7. Fylkeslaget sin kontingentdel 2013, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett 2012
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd
11. Val av 2 revisorar og eitt varamedlem
12. Val av landsmøtedelegatar

## **STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK**

### **Sak 1. Konstituering av møtet**

#### **Godkjenning av fullmakter**

Årsmøtet tek stilling til eventuelle innkomne fullmakter

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling med førebels program vart utsendt 27.01.2011. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendingar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

#### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.*

#### **Godkjenning av forretningsorden**

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

#### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.*

### **Sak 2, Årsmeldingar 2011**

Årsmelding for 2011: s. 7-

#### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.*

### **Sak 3, Rekneskap 2011**

Rekneskap 2011 s. 25.

#### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Rekneskapet vert godkjend.*

**Sak 4, Innkomne forslag**

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

**Sak 5, Aksjekjøp Jakt- og Fiskesenteret**

Styret foreslår at NJFF Sogn og Fjordane kjøper ei aksje på kr. 25.000 til Jakt- og Fiskesenteret for å støtte bygningsmasse og oppstart av senteret.

**Sak 6, Årsplan 2012**

Styret sitt forslag til årsplan: s. 34

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt framlegg til årsplan for 2012 vert godkjend.*

**Sak 7, medlemskontingent 2013**

Fylkeslagskontingenten er no kr. 35,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 0,-.

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontingenten.*

**Sak 8, budsjett 2012**

Budsjett 2012 s. 40

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt framlegg til budsjett for 2012 vert godkjend.*

**Sak 9, Val 2012****Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

<b>Verv</b>	<b>Val</b>	<b>Valnemnda sitt framlegg:</b>
• Leiar	Veljast for 2 år	Per Norstein, Leikanger jfl
• Nestleiar sekretær	Ikkje på val	Karina Hettle Solheim, Gaular jfl, veljast for 1 år
• Kasserar	Veljast for 2 år	Attval, Per Gunnestad, Luster jfl
• Ungdomsansvarleg	Alf Erik Røyrvik, ikkje på val	
• Kvinnekontakt	Veljast for 2 år	Attval, Bente Skrede, Flora jfl
• Fagleiar fisk	Otto Åge Bergstrøm, ikkje på val	
• Fagleiar vilt	Veljast for 2 år	Attval, Geir Haukaas, Førde jfl
• 1. vara / Fagleiar hund • 2. vara	Veljast for 1 år Veljast for 1 år	Attval, Robert Veseth Per Martin Fosmark, Gaular jfl
• Revisor nr. 1	Ikkje på val, 2 år att	Terje Espe
• Revisor nr. 2	Veljast for 3 år	Kåre Stokkevåg, Førde jfl
• Revisor vara	ikkje på val, 1 år att	Stein Inge Refvik
• Valnemnd, leiar	Oli Marny Årdal	Roald Svoren
• Valnemnd, medlem	Roald Svoren	Bjarne Huseklepp
• Valnemnd, medlem	Bjarne Huseklepp	Ny veljast for 3 år

**Sak 12, val av landsmøtedelegatar****Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

Alf Erik Røyrvik, Geir Haukaas, ny nestleiar, Rudi Sønnervik og Bente Skrede.

Vara: Per Gunnestad, Otto Bergstrøm, Rune Olsbø, Morten Jakobsen. Minst 1 til.

## NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Då var det er igjen tid for årsmøte og ettertanke frå året ein har bak seg, samt tenke over kva framtida vil bringe.

Jakt og Fiskesenteret på Flå, først i Hallingdal, vart opna med stor festivitas no i byrjinga av februar der «Godt skolerte jeger og fiskere sikrer jakt- og fiskeglede for kommende generasjonen» var velvalde ord som vart brukt under den høgtidelege opninga, og studerer ein den velfylte kursplanen, ser ein at nesten alt frå å tre på makken kurs til å skyte bjørn kurs er på menyen. Er alle desse kursa nødvendige, lurar vel dei fleste av oss etablerte jeger og fiskarar på, og til den prisen! Tida får no vise behovet og betalingsviljen er til stades, men for dagens oppveksande generasjonen er ikkje alt like naturlig, som for den generasjon eg vaks opp i, då mange av dei ferdighetene som det skal kursast i, kom inn med morsmjølka. Eg trur at Jakt og Fiskesenteret vil bli en fin møteplass for alle NJFF medlemmane og for alle med jakt og fiskeinteresse, og det etter kvart vil utvikle seg som eit kompetanseseter innan jakt og fiske, men generell jakt og fiske opplæring er det nok lokallag og oss lokale eldsjeler som må ta oss av, viss ikkje, vil nok det lokale engasjement på vilt og fisketiltak forsvinne.

Av aktivitetar eg ynskjer å framheve frå fylkeslaget i år er Betre jakt seminaret, som nettopp er avslutta. Dette vart ein eineståande suksess, med om lag 500 deltakarar, fordelt på 7 forskjellige stader, så stor takk til Instruktørar, fylkessekretær og fagleiar vilt for godt arbeid. Liknande seminar bør vi arrangere meir av, så gode innspel til tema og emne tas i mot med takk.

Elles dette året fekk alle medlemmar kalender frå Fylkeslaget i lag med Jakt og Fiske nr 12. Denne har tatt lang tid å planlegge, og det var litt skuffande at så få sendte inn bileter for bruk i kalenderen. Det var også tungt å få inn nok sponsorer for å dekke trykkerikostnader. Håper dette retter seg til neste år, når de no har sett det strålende resultatet som var presentert for dette året.

Tid kommer, heiter det så fint, men kva med det ein ikkje har fått gjort i løpet av året som har gått? For min del er det mange ting ein ikkje fekk tid til dette året heller. Ikkje vart det noko fising, og eg var ikkje i nærleiken av flugestanga ein gang, og eg som omtrent budde i elva tidligare. Ja litt jakt vart det, men ikkje på langt nær som det var før, og jaktgleda var ikkje på langt nær den same. Kva er det som skjer? Er det dette ein kallar tidsklemma, eller er det slik alle har det? eller er det berre meg som har vorte ein familiemann med ein hektisk kvardag. Dette er tankar eg har fundert på dei siste året, for den tida eg vil nytte og engasjere meg i fritidssyslar på, strekk rett og slett ikkje til, og eg føler også det går ut over det å vere en engasjert fylkesleiar, derfor har eg i år valt å trekke meg frå vervet som leiar for NJFF Sogn og Fjordane.

Eg vil takke for det gode samarbeidet med alle tillitsvalde og sittande styre for godt utført arbeid i åra som har gått, og ein spesiell takk til fylkessekretæren, og hennar fleksibel og positive haldning.

Eg vil også ønske påtroppande styre lykke til i arbeidet vidare.

Øyvind Hopland  
- fylkesleiar -

## ÅRSMELDING FOR 2011

### FYLKESLAGET HAR I 2011 VORE SAMANSETT SLIK:

Leiar	Øyvind Hopland	Stryn og Hornindal jspfl
Nestleiar / sekretær	Per Norstein	Leikanger jfl
Kasserar	Per Gunnestad	Luster jfl
Ungdomsansvarleg	Alf Erik Røyrvik	Naustdal jfl
Kvinnekontakt	Bente Skrede	Stryn og Hornindal jspfl
Fagleiar Fisk	Otto Åge Bergstrøm	Flora jfl
Fagleiar Vilt	Geir Haukaas	Førde jfl
1. vara Fagleiar Hund	Robert Veseth	Flora jfl
2. vara	Karina Hettle Solheim	Gaular jfl

Revisor 1	Terje Espe	Eid jfl
Revisor 2	Jan Kai Torvanger	Førde jfl
Revisor, vara	Stein Inge Refvik	Selje jfl

Valnemnd leiar	Oli Marny Årdal	Førde jfl
Valnemnd medlem	Roald Svoren	Bryggja og Omegn jfl
Valnemnd medlem	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl

### Tillitsverv som fylkesstyret peikar ut:

FI Aversjon	Arvid Holme	Flora jfl
RI Eittersøkshund	Rudi Sønnervik	Førde jfl
RI Hagle	Per Gunnestad	Luster jfl
RI Jegerprøve	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl
FI Organisasjon	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl

### Hundeutval:

Leiar	Robert Veseth	Flora jfl
Medlem	Olav Håkonsen	Førde jfl
Medlem	Rune Olsbø	Flora jfl
Medlem	Terje Hilding	Førde jfl

### Jaktskyttarutval:

Leiar	Svein Inge Lundheim	Leikanger jfl
Medlem	Per Tore Taklo	Eid jfl
Medlem	Atle Lunde	Jølster jspfl
Medlem	Arild Johansen	Askvoll og Holmedal jfl
Medlem	Per Gunnestad	Luster jfl

### Eittersøksutval:

Leiar	Rudi Sønnervik	Førde jfl
Medlem	Lidvin Hage	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Birger Hogrenning	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Bente Skrede	Flora jfl

Gevirdommarar: hjort	Ove Hagerup Larsen	Førde jfl
Gevirdommar norsk hjortevilt:	Arne Aarbergsbotten	Gaular jfl

### Tilsette:

Fylkessekretær 100 % stilling	Reidun Solberg Seim, Sandane
FNF kontakt 50 % stilling	Einar Skram Husabø, Leikanger
FNF medarbeider 60% stilling	Elisabeth Dahle, Hafslø



**FRÅ NJFF SOGN OG FJORDANE HAR DESSE VORE MED I NJFF SINE STYRE OG UTVAL:**

Bjarne Huseklepp, Jegerpr. Instr.  
Bjarne Huseklepp, Jegerpr. Instr.

Medlem i Forbundsstyret  
Leiar Barne- og ungdomsutvalget

**FYLKESLAGET ER REPRESENTERT I DESSE UTVAL/FAGRÅD:**

- Styringsgruppa i FNF (Forum for Natur og Friluftsliv), Karina H Solheim. leiar vara.
- Merkeprosjekt hjort i Nordfjord, styringsgruppa. Ove Bjørlo
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Nordfjord: Arvid Pedersen
- Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagleiar Fisk
- Kontaktutvalet for rovvilt: Reidun Solberg Seim / Fagleiar Vilt
- Referansegruppe for regionalt fellingslag: Reidun Solberg Seim / Fagleiar Vilt
- Studieforbundet natur og miljø: Geir Haukaas
- Referansegruppe EU's vassdirektiv, region Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk

**MEDIEAKTIVITET:**

februar	Firda	Fylkeslaget med å satsar i Førde jfl
februar	Lokalavisene	Minneord Svein Arne, Per
februar	NRK	Våpenlova, Øyvind og Geir
18.03.11	NRK Sogn og Fj	Feltkontrollørkurs, Reidun
Mai	Pressemelding	10 års jubileum for fylkesleir
Juni	Pressemelding	Populær villmarksleir
Juni	Pressemelding	Sommartid er fisketid
Månad?	Jakt & Fiske	Vidaregåande kurs ettersøk, Rudi

**REPRESENTASJONAR, PROFILERING, MØTER OG ARRANGEMENT****JANUAR**

10.	Viksdalen	Møte Gaular jfl	Svein Arne, Reidun
11.	Førde	Møte fellingslaget store rovdyr	Reidun
14.	Førde	Instruktørkurs aversjon	Arvid
14-16.	Stjørdal	Sentral samling jegeprøveinstruktørar	Bjarne
18-19.	Lunde	Kvinnekontaktsamling	Bente, Reidun
21.	Høyanger	Begravelse til Svein Arne	
21-22.	Skei	Arbeidsmøte	
27.	Førde	Møte Førde jfl	Geir, Rudi, Reidun
28.	Viksdalen	Møte fuglehundutv. og Fosseheimen	Henning
28.	Bremanger	Planleggingsmøte vidaregåande kurs	Ettersøksutvalet
28.	Eid	Årsmøte Eid jfl	Øyvind
	Gaular	Møte grunneigarane Risbotn	Henning

**FEBRUAR**

1.	Sandane	Møte Gloppen jfl	Reidun
9.	Viksdalen	Årsmøte Gaular jfl	Geir, Reidun
10.	Førde	Idemøte Førde jfl	Geir, Rudi, Reidun
15.	Skei	Styremøte	
17.	Skei	Møte AU FNF	Per
25-27.	Gaularfjell	Fuglehundsamling	Fuglehundutvalet

**MARS**

1.	Sandane	Årsmøte Gloppen jfl	Rudi, Reidun
----	---------	---------------------	--------------

2.	Førde	Møte Førde jfl	Geir, Reidun
3.	Skei	Kurs naturmangfaldlov	Bente, Geir, Reidun
4.	Leikanger	Årsmøte Leikanger jfl	Reidun
5-6.	Gaularfjell	Vinterprøve fuglehund	Fuglehundutvalet
7.	Førde	Møte Førde jfl	Geir
9.	Skei	Årsmøte FNF	Per, Reidun
19-20.	Eid	Årsmøte fylkeslaget	
24.	Førde	Møte Førde jfl	Rudi
30.	Sande	Møte OPPTUR Gaular jfl	Bente, Karina, Reidun
30.	Sogndal	Årsmøte Sogndal jsfl	Per

**APRIL**

4.	Skei	Styremøte	
6.	Eid	NM Jaktfelt	Reidun
7.	Eid	NM Jaktfelt	Reidun
8.	Eid	NM Jaktfelt	Reidun
8-10.	Skei	Instruktørkurs ettersøk	Rudi
9.	Eid	NM Jaktfelt	Reidun
10.	Eid	NM Jaktfelt	Reidun
12.	Førde	Årsmøte Førde jfl	Per
12-13.	Flå	Fylkessekretærsamling	Reidun
15.	Hyen	Planleggingsmøte leir	Alf Erik, Reidun
18.	Sandane	Møte Gloppen jfl	Reidun

**MAI**

3.	Skei	Møte ettersøksutvalet	Ettersøksutvalet, Reidun
3.	Førde	Planleggingsmøte fiskeseminar	Otto, Alf, Reidun
10.	Skei	Styremøte	
27-28.	Flå	Fylkesleiarkonf./RS samling	Geir, Reidun

**JUNI**

1.	Sogndal	Møte kontaktutvalet rovdyr	Reidun
3-5.	Nesholmen	Fylkesleir for ungdom	Alf Erik, Øyvind, Geir, Otto, Bente, Reidun
4-5.	Viksdalen	Fuglehundsamling	Fuglehundutvalet
14.	Skei	Møte Betre Jakt	Øyvind, Geir, Reidun
15.	Førde	Møte standardavtale ettersøk	Rudi, Reidun
15.	Førde	Planleggingsmøte fiskeseminar	Otto, Alf, Reidun
17-19.	Førde	Vidaregåande kurs ettersøk	Ettersøksutvalet
17-19.	Hell	Sentral samling ungdomsansvarleg	Alf Erik
27.	Skei	Styremøte	

**JULI**

--	--	--	--

**AUGUST**

5-7.	Gaularfjell	Taksering	Fuglehundutvalet
13-14.	Gaularfjell	Taksering	Fuglehundutvalet
15.	Skei	Styremøte	
15.	Skei	Kasserarmøte	Per G., Reidun
26-28.	Sverige	FLK / RS, Fylkessekr.samling	Øyvind, Reidun

**SEPTEMBER**

2-3.	Flå	Sentral kvinnekontaktsamling	Bente
3.	Skei	Fagdag Eppersøk	Eppersøksutvalet, Reidun
12.	Skei	Møte FNF	Per
14.	Skei	Møte fiskeutvalet	Fiskeutvalet, Reidun
19.	Skei	Styremøte	

**OKTOBER**

10.	Lunde	Møte jakttskyttarutvalet, terminliste	Jaktsk.utvalet
17.	Skei	Styremøte	

**NOVEMBER**

3-5.	Hell	Naturdatas viltkonferanse	Reidun
19-20.	Førde	Fiskeseminar	Alf, Geir, Per, Reidun
20.	Førde	Ungdomsamling	Alf, Reidun
29.	Førde	Møte standardavtale ettersøk	Rudi, Reidun
30.	Viksdalen	Planleggingsmøte villmarksleir	Alf, Karina, Reidun

**DESEMBER**

13.	Førde	Møte Førde jfl	Geir, Reidun
-----	-------	----------------	--------------

## JAKT- OG FISKEAKADEMIET – kurs og opplæring

### *Instruktørkurs Aversjon:*

14.-15. februar, Førde. 5 deltakar. Kursleiar: Fylkesinstruktør Arvid Holme

### *Instruktørkurs Eppersøk:*

8-10. april, Skei. 7 deltakar. Kursleiar: Regionsinstruktør Rudi Sønnervik

### *Instruktørkurs Hagle:*

8-10. april, Skei. 7 deltakar. Kursleiar: Regionsinstruktør Rudi Sønnervik

### *Vidaregåande Kurs Eppersøk:*

17-19. juni, Kråkenesmarka i Førde. 38 deltakarar. Kursansvarleg: Eppersøksutvalet

### *Fagdag Eppersøk*

3. september, Skei. 31 deltakarar. Ansvarleg: Eppersøksutvalet

### *Blodsporkurs*

dato, Førde. 6 ekvipasjar. Ansvarleg: Eppersøksutvalet. Samarbeid.

### *Fiskeseminar*

19.-20. november, Skei. 51 deltakarar, 10 forelesarar. Ansvarleg: Otto Samarbeid mellom NJFF SF, SF Skogeigarlag, SF Bondelag og Fylkeskommunen.



## PLANARBEID OG FORVALTNING

### Generelt

- Kurs naturmangfaldlov og vassdirektivet. Ansvarleg: Fylkessekretær
- Arbeid rutilgjenvinning i Naustdal. Ansvarleg: Fagleiar Fisk

### Kraftutbygging

- Høyringsuttale: Breim kraftverk, Storeelva i Gloppen. Sakshandsamar: Jostein Hansen
- Høyringsuttale: Vestsiddeelvane og Vigdøla, Luster. Sakshandsamar: Olav Hermansen

### Oppdrett

- Høyringsuttale: Firda sjøfarmer søknad om lokalitet oppdrettsanlegg for laks og sjøaure, Gulen. Sakshandsamar: Svein Arne Forfod.
- Høyringsuttale: Endring av akvakulturlokaliteten «Djupeleget» i Vadheimsfjorden. Sakshandsamar: Olav Hermansen.

### Anadrom forvaltning

- Deltakar i lakserådet i Sogn og Fjordane
- Høyringsuttale Fiskeforskrift laks og sjøaure 2011. Sakshandsamar: Jøran Henriksen
- Møter i Sogn Villaksråd, Olav Hermansen

### Innlandsfisk

#### Hjortevilt og vilt generelt

- Høyringsuttale: Revisjon av forskrift om forvaltning av hjortevilt. Sakshandsamar: Geir Haukaas
- Høyringsuttale: Forskrift om jakt og fangsttider 2012-2017. Sakshandsamar: Geir Haukaas
- Høyringsuttale: Revisjon av forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst. Sakshandsamar: Geir Haukaas
- Høyringsuttale: Planprogram Nordfjella villreinområde. Sakshandsamar: Per Norstein
- Høyringsuttale: Planprogram Ottadalen villreinområde. Sakshandsamar: Per Norstein

- Merkeprosjekt Hjort: med i styringsgruppa for merkeprosjekt hjort i Nordfjord, og har ansvaret for deler av oppdateringa av heimesida til prosjektet.
- Betre jakt-prosjekt: planlegging av seminar for storviltjegerar og materiell til DVD. Ansvarleg: Geir, Øyvind og Reidun

#### Småvilt

- Taksering av rype og storfugl på Gaularfjell. Taksørar frå fuglehundutvalet og andre. Ansvarleg: Fuglehundutvalet
- Fellefangst i treningsterrenget på Gaularfjell. Ansvarleg: Fuglehundutvalet
- Bestandsregistrering av oter. På artsobservasjoner.no

#### Ettersøk

- Arbeid opp mot ettersøksringane i fylket og fylkeskommunen og andre instansar. Ansvarleg: Ettersøksutvalet
- Arbeid med standardavtale ettersøksjeger – kommune. Ansvarleg: Ettersøksutvalet v/leiar
- Foredrag på vitseminaret vedr. ettersøk. Ansvarleg: RI Ettersøk
- Foredrag på storvaldmøte i Fjaler. Ansvarleg: RI Ettersøk
- Betre Jakt –prosjektet. Materiell ettersøk til DVD, førebuing innlegg på seminar. Ansvarleg: RI Ettersøk.

#### Rovvilt:

- Deltakar i referansegruppe for Fellingslag for store rovdyr. Ansvarleg: Fylkessekretær
- Kontaktutvalet for store rovdyr i Sogn og Fjordane. Ansvarleg: Fylkessekretær

#### Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)

NJFF Sogn og Fjordane har arbeidsgjevaransvaret for FNF i Sogn og Fjordane. I 2010 vart det tilsett ny medarbeider i 50 % (60% i 2010) stilling, Elisabeth Dahle. Ho er fast tilsett som FNF-medarbeider og deler kontor på Leikanger saman med FNF koordinator Einar Husabø. 2. vara Karina Hetle Solheim er med i styringsgruppa for FNF, med leiar, Øyvind Hopland som vara.

## REKRUTTERINGSARBEID OG MEDLEMSPLEIE

#### Heiderspris

Vert delt ut til ein enkeltperson for eit langt og stort engasjement i barne- og ungdomsarbeid i eit lokalt jakt- og fiskelag, fylkeslaget eller på landsnivå.

2007: Torger Eimhjellen

2008: Svein Inge Lundheim

2009: Bjarne Huseklepp

2010: Oskar Holme

2011: Svein Arne Forfod

#### Barne- og ungdomsprisen

Vert delt ut til eit lokalt jakt- og fiskelag i Sogn og Fjordane som har utført eit godt barne- og ungdomsarbeid i laget i året som gjekk.

2001: Sørgulen jfl

2002: Stryn og Hornindal jspfl

2003: Flora jfl

2004: Leikanger jfl

2005: Leikanger jfl

2006: Flora jfl

2007: Eid jfl

2008: Stryn og Hornindal jspfl og Askvoll og Holmedal jfl

2009: Leikanger jfl

2010: ikkje utdelt

### Fylkesleir for ungdom

3.-5. juni på Nesholmen i Hyen. Arrangørar: Førde jfl, Hyen jfl, Gloppen jfl og fylkeslaget. 4H stiller med kokk som er ansvarleg for all maten. 80 deltakarar, 38 på venteliste. 29 vaksne instruktørar. Aktivitetar: hundeaktivitetar, skyting med hagle, rifle, salong og luftgevær, fiske, flugekasting, flugebitting, garnfiske, fiskestell, flåing av mår, fellefangst, bogeskyting, kano, bading, natursti, hjortesafari, aktivitetsstafett, mat på bål, friluftsliv, telt og lavvo.

### Fuglehundar

Treningsterreng Gaularfjellet: Langestølsterreng og Thorsnesstøylterreng. Kort for trening av fuglehund i tidsperioden 15.10 – 31.03 /01.01. – 31.03. Unntak er palme- og påskehelg. Jakt er forbode. Kart og informasjon finn ein på fylkeslaget si heimeside under jakthund.

Samling for fuglehundar: 12-13. februar og 4-5. juni i Gaular.

### Jaktskyting

Sogn og Fjordane Cup i jegertrap.

Koordinasjon av skytestevner.

Sjå kven som vann FM og LM i dei ulike skytegreinene i årsmeldinga til jaktskyttarutvalet. LM = Landsdelsmeisterskap, FM = Fylkesmeisterskap.

### Måling av gevir

Det er målt 20 hjortegevir og 1 rådyrgevir i år, derav 17 medaljar på hjort.

### Medlemsfordeler:

Den største medlemsfordelen har vi som sterk organisasjon med påverknadskraft i saker som omhandlar jakt, fiske og friluftsliv.

I tillegg til dei sentrale og lokale medlemsfordelane har fylkeslaget inngått fordelar hjå:

- 15% rabatt på sikkerhetsbekledning hjå NorTeam Engros
- 10% rabattar hjå Din Sport i Førde
- 10% rabatt på skyting i simulator hjå Lunde Turiststasjon
- 20% rabatt hjå Huseklepp Fiskeskule

## ORGANISASJON OG INFORMASJON

### Styremøter:

Det er halde 7 styremøter og handsama 78 saker. 1 arbeidsmøte for styret, instruktørar og utvalsmedlemer.

### Årsmøte

19-20. mars, Eid. Totalt 30 delegatar med røysterett: 24 delegatar frå lokallaga og 6 frå fylkestyret. I tillegg møtte 3 fylkes/regionsinstruktørar og fylkessekr. og repr. frå NJFF.

### Kvinnekontaktsamling

For kvinnekontakter i Sogn og Fjordane 18-19. januar, Lunde Turiststasjon i Jølster. 9 deltakarar.

### Ungdomssamling

20. november, Førde. 13 deltakarar. I samband med fiskeseminaret.

### Sentrale samlingar

14-16. Januar, Stjørdal. Samling for RI/Fl Jegerprøve.

12-13. april, Flå. Fylkessekretærsamling

27-28. mai, Flå. Fylkesleiarkonferanse / Representantskapsamling (RS)

17-19. juni, Hell. Samling for ungdomsansvarleg

26.-28. august, Sverige. Fylkesleiarkonferanse og fylkessekretærsamling

2-3. september, Flå. Kvinnekontaktsamling

### Informasjon

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF.

Det meste av informasjonen har gått på e-post. Nettsida til fylkeslaget [www.njff.no/sognogfjordane](http://www.njff.no/sognogfjordane) blir brukt til å legge ut informasjon på også.

Fylkeslaget har to Facebook-kontoar, ei gruppe som heiter OPPTUR –Jenter, Jakt og Fiske (Sogn og Fjordane) og ei NJFF Sogn og Fjordane.

Informasjon om opplæringsjakt: Eit elektronisk dokument vart sendt ut til lokallaga, jegerprøveinstruktørane og lagt ut på nett, dokumentet viste ei oversikt over tilbod på opplæringsjakt som lokallaga og fylkeslaget tilbyr.

### iNatur

NJFF er medeigar i portalen [www.inatur.no](http://www.inatur.no) der ein kan kjøpe jaktkort, fiskekort og leige hytte.

Årdal jff og Lærdal jfl har lagt ut sine jakt- og fisketilbod her.

Dette er plassen å leite etter jakt-, fiske- og enkle overnattingsmoglegheiter.

### Samarbeid

Rovvilt – fylkesmannen og fellingslaget for store rovdyr i S og Fj.

Vilt – fylkeskommunen

Ettersøk – Ettersøksringane i S og Fj, fylkeskommunen

FNF - nettverk friluftsansjonar

Fylkesleiren for ungdom – 4H

Fisk – fylkesmannen, fylkeskommunen, andre organisasjonar i lakserådet, skogeigarlaget, bondelaget

## ÅRSMELDING FAGLEIAR VILT

I 2011, har det vore tre store høyringar som ein har måtte ta stilling til, dette er: Ny forskrift om jakt og fangsttider samt sanking av egg og dun for perioden 01.04.12 – 31.03.17.

Høyring på revisjon av forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst, samt høyring på revisjon av forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Tre viktige høyringar som vi har brukt mykje tid på, både å setje seg inn i høyringane samt gje svar tilbake.

Under viltseminaret på Skei i 2010, kom det opp ønske om eit eige mini seminar som kunne ta opp problemstillingar rundt temaet « Bedre Jakt», dette har vi jobba mykje med siste året, og dei første mini seminara er klare i slutten av januar 2012, med start i Førde.

I juni var eg igjen med som instruktør/leiar på ungdomsleiren på Nesholmen, dette er alltid like kjekt og eg gler meg kvar år.

I 2011 hadde vi 10 års jubileum, og vi har etterkvart fått eit luksusproblem med leiren, det er at vi har mange som ikkje kjem med sidan vi har satt eit tak på rundt 80 ungar. Dette er jo veldig kjekt med tanke på at leiren er populær, men og litt trist sidan vi må sei til ungar som vil vere med at det dessverre er fullt.

Det var med stor spenning mange småviltjegerar gjekk ut første jaktdagen i haust, i løpet av sommaren hadde det komt inn fleire meldingar om smågnagarår i fjellet over store delar av landet, og dette fører jo ofte til auka bestand av småvilt.

For Sogn og Fjordane sin del ser det ut til å ha vore ein liten oppgang i rype og orrfuglbestanden, så får vi berre håpe att det ikkje vert dårlegare hausten 2012.

Med ønske om eit riktig godt nytt jakt år.

Med venleg helsing  
Geir Haukaas  
- Fagleiar vilt -

## ÅRSMELDING KVINNEKONTAKT

Året 2011 startet med en kvinnekontaktsamling i Kjøsnestfjorden 16-17. februar. Det var 9 damer som møtte, så det er meget bra. Vi hadde det lærerikt og sosialt kjekt.

På våren var jeg med på et "Opptur" møte med damene i Gaular JFF. De var svært ivrige på å få laget til å fungere.

Jeg hadde satt opp to kurs på fylkesbasis dette året. Fiske og fjellrypejakt, men det var så liten påmelding at det ble ikke noe av.

Gledelig er det å se at kvinnekontaktene i enkelte foreninger arrangerer kurs og treff med god deltakelse, det beviser at arbeidet med kvinnesatsing går fremover.

Med venleg helsing  
Bente Skrede  
- Kvinnekontakt -



## ÅRSMELDING UNGDOMSANSVARLEG

Underteikna vart vald inn som ungdomsansvarleg i fylkesstyret på årsmøtet i 2011, og det er derfor mitt første år som ungdomsansvarleg.

Første helga i juni arrangerte fylkeslaget, saman med lokallaga i Gloppen, Hyen og Førde, den årvisse fylkesleiren for ungdom på Nesholmen. I 2011 hadde vi 10-årsjubileum, som vi markerte med eigne T-skjorter og gratis fiskestenger til alle deltakarane. Leiren var ein suksess, den var fullbooka lenge før fristen og veret vart supert.

I november hadde vi ei ungdomssamling i samband med fiskeseminar på Sunnfjord Hotell i Førde. Der var det både ungdom og eit par ungdomsansvarlege frå lokallaga. Tema var ungdomssatsing framover og kva aktivitetar som må til for å trekke ungdom til NJFF. På samlinga fekk vi starta på prosessen med å få til eit ungdomsutval i Sogn og Fjordane. Vi starta og på planlegging av nokre arrangement for barn og ungdom som vi vil gjennomføre i 2012.

I 2011 starta vi og med planlegging til eit nytt arrangement, Villmarksleir i Viksdalen i samarbeid med 4H. Dette skal vere eit tilbod vinterstid for ungdom frå 15 år og oppover, og går av stabelen i vinterferien. Leiren er nesten fullbooka per dags dato.

I tillegg kan eg nemne at eg som ungdomsansvarleg var på ei nasjonal samling for barne- og ungdomsarbeid i NJFF i juni. Fekk mange gode idear og inspirasjon der.

Med venleg helsing

Alf Erik Røyrvik

- Ungdomsansvarleg -

## ÅRSMELDING FAGLEIAR FISK / FISKEUTVALET

Med venleg helsing

Otto Åge Bergstrøm

- Fagleiar Fisk -

- Leiar Fiskeutvalet -

## ÅRSMELDING FAGLEIAR HUND / FUGLEHUNDEUTVALET

2011 var et godt år for hundeutvalget i Sogn og Fjordane. Målet for oss i utvalget har vært å skape/tilrettelegge aktiviteter for medlemmene.

Vi i utvalget har lagt vekt på og ikke ha for mange tilbud, men heller ha gode og interessante aktiviteter. De fleste av oss har en hektisk hverdag, og for mange aktiviteter kan medføre at flere ikke hadde mulighet til å delta. Tilbakemeldingene fra medlemmene har vært positive, og vi vil derfor fortsette etter samme mal i 2012.

### I 2011 hadde vi følgende aktiviteter:

**12-13 februar** gjennomførte vi treningssamling med fylkesmesterskap for stående fuglehunder på Gaularfjellet. Vi var innlosjert på hyttene til Arnstein Hoff.

Lørdag avviklet vi fylkesmesterskap med 12 hunder til start. Vinner i åpen klasse, AK, ble GS Nikta eier/fører Olav Håkonsen. Unghundklassen, UK ble vunnet av ES Nelly, eier/fører Robert Veseth.

Søndag hadde vi trening på fjellet med flotte forhold. Alle reiste hjem glad og fornøyd, etter en flott helg på Gaularfjellet. Takk til hovedsponsor på forpremier: Sportmanns Pride; Porthos.

**5-6 mars avviklet vi Gaularfjellprøva.** Det var knyttet spenning til arrangementet, og om værgudene ville være med oss. Og det var de så absolutt. Vi hadde 57 startende hunder fordelt på to dager. Premieringsprosenten var på over 30 prosent, noe som er meget bra sammenlignet med andre jaktprøver. Lørdag kveld hadde vi jegermiddag på Eldalstunet med premieutdeling. Som vanlig smakte maten fortreffelig, og vertskapet viste fantastisk service.

Arrangementet var en stor suksess, både været, det sosiale og prestasjonene var optimale. Både arrangøren og deltagerne, reiste fornøyde hjem fra Gaularfjellet på søndag kveld. Takk til hovedsponsor på forpremier: Sportmanns Pride, Porthos.

**4-5 juni Sommersamling,** 8 deltagere og 12 hunder var samlet til sommersamling på Fosseheim. Her fikk vi trene på tamfugl i flotte omgivelser. Det ble også gjennomført apportkonkurranse. Vinner i åpenklasse ble IS Apollo eier/fører, Terje Hilding. Unghundklassen ble vunnet av ES Alta, eier/fører, Knut Broberg. Vi benyttet også samlinga til å planlegge gjennomføringa av takseringa samme høst. Lederen vil takke vertskapet på Fosseheim for ei flott helg.

**5-7 august, Taksering av hønsefugl** Gaularfjellet. Takseringa ble gjennomført med 10 personer og 17 hunder. Været var denne helga var bra, og forholdene for hundene likeså. Knut Broberg hadde ansvaret for gjennomføring og skriving av samla takseringsrapport.

#### **Andre aktivtiter:**

De som benytter seg av treningsterrenget på Gaularfjellet, hadde i fjor ansvaret for å røkte mår-feller som var satt ut. Det ble totalt tatt 7 mårer i dette området i 2011. Noe som må sies å være bra.

Det skal derfor bli spennende å følge hvordan fuglebestanden vil påvirkes av denne fangsten.

Knut Broberg gjennomført takseringskurs av hønsefugl våren 2011, og er nå den som har ansvaret for å planlegge, og gjennomføre fremtidige takseringer.

#### **Oppsummering:**

Hundeutvalget vil fortsette omtrent som i fjor, det er gjort mye godt arbeid i året som gikk. Mål for 2012 vil være å markedsføre oss enda bedre. Selv om de aller fleste får med seg det som skjer, er det allfids et forbedringspotensial på dette feltet.

Til slutt vil jeg takke et positivt styre, og spesielt Reidun som alltid er behjelpelig om det skulle være noe.

Med venleg helsing  
Robert Veseth  
- Fagleiar Hund -  
- Leiar Fuglehundutvalet -

## ÅRSMELDING ETTERSØKSUTVALET

Ettersøksutvalet har i 2011 bestått av fire representantar, Rudi Sønnervik, Birger Hogrenning, Bente Skrede og Lidvind Hage. Ettersøksutvalet har hatt to arbeidsmøter i 2011.

Året begynte med at leiar var gjest hos Gloppen JFL på deira årsmøte, der fikk vi diskutert litt rundt tema ettersøk og litt kva framtida ville bringe av utfordringa innan hund og ettersøk. Det vart halde eit blodsporkurs, der vi stilte med instruktør. Kurset vart halde i Førde, med seks påmeldte ekvipasjar. Kurset gjekk over tre kveldar, med teori inne og to kveldar med praktisk trening ute.

Elles var det vidaregåande kurs ettersøk og den årlige fagdagen som var dei store arrangementa i 2011.

Vidaregåande ettersøk kurset vart holdt i Førde, Kråkenesmarka. Vi leigde lagshytta og skytebane til Førde JFL. Det var 35 påmeldte på kurset frå heile fylket, samt nokre frå både Hordaland og Rogaland. Kurset gjekk frå fredag til søndag, med teori på fredagskveld og aktivitetar ute laurdag og søndag.

Agenda på kurset er ettersøksteknikk og problemløysing ute i felt. Her fekk alle deltakarane prøve seg på opptil seks såkalte påskotplassar, samt ei trafikkpåkjørslse med ekte hjort.

Elles var det tillaga med grilling og sosialt på laurdagskvelden med viltkjøtt på menyen, og mykje godt å drikke. Søndagen avslutta vi med skyting på elgbana og utdeling av kursbevis. Kurset vart omtala i bladet Jakt og Fiske og fekk mykje ros for fagleg innhald og opplegg.

Fagdag ettersøk er blitt eit seminar for alle ettersøksfolk i fylket, det har blitt arrangert dei tre siste åra. Fagdagen vart holdt på Skei Hotell med 41 påmeldte. Nytt i 2011 var at vi henta inn to gjesteforelesarar, Anna Hol frå Schweisshund klubb holdt eit innlegg om trening av ettersøkshund og viktigheita av grunnleggande kunnskap om ettersøk.

Erling Kjelvik, leiar i kompetansegruppa innan ettersøkshund i NKK, han holdt eit innlegg om bedømming og godkjenning av ettersøkshundar i Norge. Han la vekt på dei utfordringane vi får i framtida med nye godkjenningsordningar og lovendingar innan ettersøk

Vi får gode tilbakemeldingar på denne fagdagen, så utfordringa framover blir å kunne gjere denne samlinga til eit årleg og fast innslag.

Leiaren i ettersøksutvalet har i 2011 innkalla til ei arbeidsgruppe med representantar frå Fylkeskommunen, kommunal viltforvaltning og Politi der oppgåva var å utforme ei ettersøksavtale mellom ringar og kommune. Denne avtala skulle vert ferdig til årskifte, men har drygd ut pga tilbakemelding frå KS ang forsikring av ettersøksekvipasje under arbeid for kommunar. Elles er avtala ferdig til utsending. Arbeidsgruppa har hatt to møter i 2011.

Ellers har utvalet hatt god kontakt med ringar og lag i heile fylket. Utvalet svarta på e post og spørsmål frå ulike hald når det gjeld ettersøk.

Med venleg helsing

Rudi Sønnervik

- Leiar Ettersøksutvalet -

## ÅRSMELDING JAKTSKYTTARUTVALET

Jaktskyttarutvalet endra samansetning i midten av 2011.

Leiar Bjarne Skrede og medlem Jan Inge Kleppe trekte seg ut frå utvalet. Fylkesstyret oppnemnde Svein Inge Lundheim (Leikanger jfl) som ny leiar. I tillegg kom Atle Lunde (Jølster jspfl) og Per Tore Taklo (Eid jfl) inn som nye medlemmar. Elles er Per Gunnestad (Luster jfl) og Arild Johansen(Askvoll & Holmedal jfl) medlemmar i jaktskyttarutvalet.

Det vart halde eit møte, der alle lag vart invitert til å vera med på oppsettinga av terminlista for jaktskyting i 2012.

Skyteaktiviteten har vore som tidlegare år.

"Sogn og Fjordane cup" i jegertrap er stabil og har med alle 6 laga frå heile fylke (Eid jfl, Gloppen jfl, Førde jfl, Askvoll & Holmedal jfl, Luster jfl og Leikanger jfl) som arrangørar, med til saman 11 "50skot" stemner. Det er sett opp 2 vandrepokalar i "Sogn og Fjordane cup".

"Serievinnar" (5 beste stemner i innleiande skyting) vart vunnen av Gunnar Leknes (Askvoll & Holmedal jfl) med 236 teff.

"Cupvinnar" (beste skyttar i finalen) vart vunnen av Loyd Petter Mandelid (Askvoll & Holmedal) med 23 treff. Beste junior i finalen vart Joakim Langeteig (Leikanger jfl) 19 tr. og beste dame i finalen vart Merete Fuglestrand (Askvoll & Holmedal jfl) 18 tr.

I leirduesti/compakt sporting er det 3 lag frå heile fylke (Eid jfl, Askvoll & Holmedal jfl og Luster jfl) som arrangerer 3 stemner.

Det vart vedteke i jakttskyttarutvalet i 2010 at det skulle settast opp ein vandrepokal for FM-leirduesti/compakt sporting (blir innkjøpt i 2012). Vandrepokalen skal vera tilbakeverkande frå og med 2011.

I Rifleskyting er det berre skyteaktivitet i Fjordane. I jaktfelt er det størst aktivitet med 4 lag (Eid jfl, Hyen jfl, Stryn & Hornindal jspfl og Førde jfl) som arrangerer 7 stemner. I elgskyting er det 2 lag (Eid jfl og Førde jfl) med 2 stemner og i nordisk jaktskyting er det berre Førde jfl som arrangerte stemne. Som ein ser er det liten skyteaktivitet i elgskyting og nordisk-jaktskyting for tida. Alle lag som har moglegheit for å arrangera elgskyting og nordisk-jaktskyting bør arrangera stemner for å få opp att aktiviteten.

"Våpenlofte cup" for jaktfelt vart ikkje arrangert i 2011.

Innrapportering av stemneresultata har vore mangelfull. Det er viktig at alle resultata er med, slik at "klasseføringskortet" vert rett.

Til slutt vil eg takke alle arrangørane og dei aktive for ein god innsats i året som har gått!

Med venleg helsing  
Svein Inge Lundheim  
- Leiar Jakttskyttarutvalet -

## ÅRSMELDING REGIONSINSTRUKTØR ETTERSØK

Det vart utdanna 7 nye instruktørar innan ettersøk i Sogn og Fjordane i løpet av 2011.

Instruktørkurset gjekk føre seg på Skei i Jølster, med deltakarar frå både Sogne og Fjordane og nabofylka våre. Den nye fylkesinstruktøren for Møre og Romsdal fekk si utdanning på kurset vårt.

Kurset vart halde i mars månad med snø på bakken, slik at det vart nokre utfordringar med tanke på utandørs undervisninga, med dette lot seg ordne. Alle kursdeltakarane innlosjerte seg på hytter med påfølgande kjekt sosialt samvære utover kurshelga.

Det vart ikkje avholdt grunnkurs jakthundinstruktør kurs i vårt fylke i 2011. Oppdateringskurs av etablerte instruktørar var det ikkje behov for i 2011, men blir planlagt i 2013

Det var heller ingen sentrale samlingar i 2011

Regionsinstruktør ettersøk fekk anledning til å svare på høyringsutkast frå Direktoratet for naturforvaltning som vart sendet ut i juni 2011, ang det som dreia seg om endringar kring lovverk og godkjenning av ettersøkshund i framtida, samt endringar av godkjenning av ettersøksjeger.

Med venleg helsing  
Rudi Sønnervik  
- RI Vestlandet Ettersøk -

## ÅRSMELDING REGIONSINSTRUKTØR JEGERPRØVE

Det har ikkje vore arrangert kurs for nye jegerprøveinstruktørar i 2011. Dette har vore eit mellomår i påvente av oppdateringar av eksisterande instruktørar.

Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag. Då kan dei dele instruktør oppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer svært godt der ein praktiserer det. Den nye jegerutdanninga på 30 t. set store krav til instruktørane både fagleg og pedagogisk. Dei lokallag som har få instruktørar, kan fort oppleve at instruktørane går trøytte. Tiltaket mot dette er å finne nye, dyktige kandidatar og melde dei inn til fylkessekretæren.

Det vart arrangert ei sentral samling for fylkesinstruktørane i jegerprøva i 2011.

Tilbakemeldingane syner at dei lokale instruktørane i fylket vårt gjere ein svært god jobb. Det er heller ikkje registrert kommersielle aktørar i jegerprøveavviklinga i fylket. Det er nok fleire grunnar til dette. Eg vil understreke verdien av at alle lokale instruktørar har samarbeidsavtaler med lokallaga og at instruktørane samarbeider om kursa og fordeler øktene mellom seg. Dette aukar kvaliteten på kursa og styrker samarbeidet mellom instruktørane.

På slutten av 2010 kom dei fleire nye jegerprøvebøker. NJFF har også utvikla si eiga jegerprøvebok. Alle lokale instruktørar har fått boka tilsendt. Tittelen på boka er "Jegerprøven med NJFF". Den er oppbygd slik at fagstoffet føl samling for samling. I tillegg er det utvikla mykje godt stoff på NJFF si heimeside under fana til venstre: Jegerprøven.

Eg ber om at alle lokallaga sjekkar følgjande rutinar i samband med jegerprøvekurs:

1. Melde kurset inn i Studieforbundet NM.
2. Legge info om kurset på eiga heimeside og heimesida til NJFF-SFJ
3. Ferdigmeldingane skal vise at jegerprøvekurset varte i 30 timar, verken meir eller mindre.
4. Hugs å skriv på fullt namn på kandidatane, adresse, klokkeslett for start og slutt under kvar dato på rapportskjemaet som skal inn til SNM.

No er det lov å differensiere prisen på jegerprøva. Dette opnar for endå betre medlemsverving i Sogn og Fjordane.

Avslutningsvis vil eg takke dei lokale instruktørane for godt arbeid i 2011.

### Årsplan for Fylkesinstruktøren i jegerprøva 2012:

Gjennomføre kurs for nye instruktørar i Førde 13.-15. januar  
Oppdatering for eksisterande instruktørar på Skei 11. februar og 28. april.  
Eg deltek på sentral samling på Flå 17.-19. februar.  
Det same gjeld andre møte som må til, for å sikre god oppdatering eller som styret i NJFF-Sogn og Fjordane bestemmer.

Fylkesinstruktøren vil planlegge kurs for nye instruktørar så snart fylkessekretæren får inn namna på minst 5 nye som ynskjer opplæring.

Med venleg helsing  
Bjarne Huseklepp  
- RI Vestlandet Jegerprøve -

## ÅRSMELDING REGIONSINSTRUKTØR HAGLE

Det har vært liten aktivitet på Vestlandet når det gjelder instruktør i hagle-skyting, har holdt et kurs i Askvoll med deltagere fra distriktet, det var med en i fra Hordaland. Det ble både hagleinstruktørkurs, dommerkurs og oppdatering, men jeg føler meg litt på jordet da jeg ikke har fått noen oppdateringskurs i 2011, nå har jeg fått vite at det ikke blir i år heller. Det synes jeg er skuffende, det er ikke så enkelt holde kurs når man ikke får noe oppdatgering. Nå har det seg slik at Hordaland og Rogaland vil holde seg med egne fylkesinstruktører.

Med venleg helsing  
Per Gunnestad  
- RI Vestlandet Hagle -

## ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR AVERSJON

Det er gjennomført et kurs i 2011 for å utdanne nye lokale instruktører innenfor aversjon - forhinder at hunder jager sau. Kurset hadde 5 deltagere og alle er blitt godkjent som lokale instruktører etter ny utdanningsmodell.

Med venleg helsing  
Arvid Holme  
- FI Aversjon -

## ÅRSMELDING ORGANISASJONSKONTAKT

Det er ikkje lett å lage eit eintydig bilete av drifta i alle lokallaga i Sogn og Fjordane. Men der er ein del trekk som kan tyde på at vi må tenke nytt for å auke aktiviteten. Eg vil her trekke fram følgjande faktagrunnlag:

1. Antal lag som deltek på årsmøtet
2. Antal lag som søker om sentrale midlar til barne- og ungdomsarbeid.

NJFF sitt bu-utval utarbeidde i 2009 ein rapport om barne- og ungdomsarbeidet i NJFF. Ein sentral del i rapporten var:

"10 kjenneteikn på lokallag som driv godt barne- og ungdomsarbeid":

1. Lokallaget fungerer organisatorisk
  2. Lokallaget satsar på barn og unge
  3. Lokallaget har ein inkluderande planleggingsprosess
  4. Lokallaget har ein oversiktleg aktivitetsplan med  
kontinuerlege tilbod
  5. Lokallaget har god gjennomføring og kvalitet på  
alle arrangement:
- Har nok instruktørar
  - God marknadsføring
  - Aktiv bruk av media
  - Vurderer alltid sikkerheit

- Samarbeid med andre/skuleprosjekt
  - Vektlegg mat og det sosiale
  - Involverte foreldre/føresette
6. Driv målretta rekruttering
  7. Har gode medlemstilbod
  8. Har god økonomisk styring
  9. Målretta bruk av portal og heimeside
  10. Evaluerer avslutta aktivitet

Desse kjenneteikna gjeld nok ikkje berre barne- og ungdomsarbeidet, men også aktiviteten i laga generelt.

Av desse 10 kjenneteikna er punkt 4. Lokallaget har ein oversiktleg aktivitetsplan med kontinuerlege tilbod, svært viktig for å lukkast med god drift.

Det har ikkje vore arrangert organisasjonskurs i 2011, men eg har vore i kontakt med lokallag om tema og svart på telefonfrespurnader.

#### Org.kontakten sin plan for 2012

Eg arbeider for tida med eit kveldskurs på 3-4 timar der eg legg vekt på enkel planlegging, korleis ein får instruktørar til å stille opp og korleis ein gjennomfører eit godt møte. Dett vert ei blanding av relevant teori og praksis.

Plan for gjennomføring: Førde 19. januar for lag i Sunnfjord.

Eg vil tilby det same i Nordfjord og Sogn i 2012 etter drøfting på årsmøtet i NJFF -Sogn og Fjordane.

Med venleg helsing  
Bjarne Huseklepp  
- Organisasjonskontakt –

## ÅRSMELDING GEVIRDOMMAR

Har målt 16 hjortegevir og eit rådyrgevir i år.

Bronse medalje hjort:

1. Namn	2,5 kg	12 takkar	140,8 poeng
2. "	3,0	12	144,1
3. "	3,05	11	144,4
4. "	2,9	11	146,0
5. "	4,05	7	146,8
6. "	2,96	12	147,1
7. "	3,3	12	147,9

Sølvmedalje hjort:

1. "	3,7	12	150,0
2. "	3,4	13	151,3
3. "	3,76	13	153,8
4. "	3,42	13	155,1
5. "	3,7	14	155,6
6. "	4,6	13	166,2

Ikkje medalje hjort:

1.	"	2,3	10	126,6
2.	"	2,5	10	129,5
3.	"	2,6	10	135,5

Rådyr, ikkje medalje: vekt 382g 6 takkar 72,68 poeng

Med venleg helsing  
Ove Hagerup Larsen  
- Gevirdommar -

Har målt 4 stk Hjort i 2011.  
Den største vart kåra til årets gevir (eigar Knut Merås ) 197,43 p.  
Dei andre var sølv medalje på.

Med venleg helsing  
Arne Aarbergsbotten  
- Gevirdommar -



**REKNESKAP 2011**

	<i>Note</i>	<i>Res-2010</i>	<i>Bud-2011</i>	<i>Res-2011</i>
<b><u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u></b>				
3100 Andel kontingent		-148 902,00	-150 000,00	-159 287,00
3110 Deltakaravgift		-138 715,00	-143 500,00	-145 895,00
3120 Salsinntekter effektar		-3 698,00	-2 000,00	-200,00
3400 Tilskot NJFF		-58 385,00	-60 000,00	-57 014,00
3401 Tilskot FM og FK		-151 000,00	-214 000,00	-169 010,00
3410 Andre tilskot	3	-27 477,13	-3 000,00	-57 793,50
3411 Grasrotandel		-517,95	-1 000,00	-746,40
3420 Mømsrefusjon		-11 727,00		-20 406,00
3550 Uopptjent inntekt, feil in		-4 496,47		0,00
3620 Leige: treningsterreng		-6 600,00	-7 000,00	-11 150,00
3970 Annonseinntekter				-44 000,00
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>		<b>-551 518,55</b>	<b>-580 500,00</b>	<b>-665 501,90</b>
<b><u>KOSTNADER</u></b>				
4300 Innkjøp effektar				17 395,00
4390 Endring varelager		21 991,00		2 550,00
5000 Honorar / lønn tillitsvalg		28 203,00	74 700,00	4 955,00
5400 Arbeidsgjevaravgift		2 251,77	1 300,00	581,50
5901 Gåver til tillitsvalde og		26 092,50	9 000,00	13 975,13
6300 Leige lokale		48 111,40	51 100,00	35 700,00
6301 Leige av Gaularfjellet	4	14 000,00	19 000,00	18 000,00
6310 Feilføring		13 447,00		481,61
6500 Kjøp av utstyr, inventar		23 380,40	23 000,00	12 480,00
6510 Kjøp av premiar		21 526,00	22 000,00	12 317,75
6552 Programvare (software)		1 881,25		2 200,00
6620 Reparasjon og vedlikehald		1 496,00	1 000,00	0,00
6700 Kjøp av aktivitetar		28 800,00	35 500,00	21 406,50
6705 Honorar rekneskap		7 875,00		0,00
6710 Annonse		12 960,84	18 000,00	34 850,00
6800 Kontorrekvisita		4 807,38	12 500,00	20 792,36
6840 Aviser, tidsskrift, bøker	5	2 135,00	2 200,00	13 610,00
6850 Kursutgifter		42 086,99	3 800,00	95 753,50
6860 mat, opphald		149 572,40	138 800,00	107 689,32
6870 Utadretta verksemd		3 112,00	9 000,00	573,00
6900 Telefon og Internett		28 245,47	29 000,00	19 323,91
6940 Porto		11 246,52	12 000,00	8 081,14
7090 Annen kostnad transportmid				453,00
7100 Bilgodtgjersle		76 222,05	90 500,00	93 961,42
7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.		15 427,00	1 307,00	23 123,20
7500 Forsikring		6 923,00	7 000,00	9 236,00
7770 Bank- og kortgebyr		645,50	700,00	687,00
<b>SUM SUM KOSTNADER</b>		<b>592 439,47</b>	<b>561 407,00</b>	<b>570 176,34</b>
<b><u>FINANSIELLE POSTER</u></b>				
8051 Renteinntekter		-4 940,00	4 000,00	-242,00
<b>SUM FINANSIELLE POSTER</b>		<b>-4 940,00</b>	<b>4 000,00</b>	<b>-242,00</b>
<b>RESULTAT (Overskudd)</b>		<b>35 980,92</b>	<b>-15 093,00</b>	<b>-95 567,56</b>

Note 1: Overskotsforklaring. Momsrefusjon vart utegløymt i budsjettet for 2011 (ca. 20.000). Det vart budsjettert med ca. 75.000 i lønnsutgifter, det reelle vart ca. 5.000. Lønnsutgiftene på betre-jakt prosjektet kjem ikkje før 2012

Note 2: Avsetning: Tilskot frå fylkeskommunen på kr. 55.000 til betre jakt er sett av til 2012.

Note 3: Regnskapskonto 3410, Andre tilskot: Bilag 239 skal vere på konto 3110, hagleinstruktørkurs kr. 12.900

Note 4: Regnskapskonto 6301, Leige av Gaularfjell: Bilag 376, 377, 394 skal vere på konto 3620, leigeinntekter treningsterreng kr. 1000 (sum konto 6301= 19.000)


Note 4: Regnskapskonto 6840, aviser, tidsskrift, bøker: bilag 222 skal vere på konto 671, kjøp av annonse kr. 9.240

## BALANSE 2011


	2010	2011
<b><u>EIENDELER</u></b>		
1400 Varelager effektar	3 273,00	723,00
1500 Kundefordringar	22 435,00	53 000,00
1579 Andre kortsiktige krav	146 397,42	107 014,00
1920 Bankinnskot 3710.11.42737	141 317,75	137 246,32
1922 Kontonr.3705.18.49591		-11,40
1930 Kapitalkonto 3710.11.98201	104 894,35	204 894,35
1935 Vestnors. v.m.m. 3710.05.47397	3 797,00	-1,32
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>422 114,52</b>	<b>502 864,95</b>
<b><u>EGENKAPITAL OG GJELD</u></b>		
2050 Annan eigenkapital	-342 715,25	-438 282,81
2180 Andre avsetninger for forpliktelser		-55 000,00
2960 Påløpte kostnader	-79 399,27	-9 582,14
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>-422 114,52</b>	<b>-502 864,95</b>

## MEDLEMSUTVIKLING

### Medlemsutvikling NJFF 1993 - 2011




## Medlemsutvikling NJFF -Sogn og Fjordane 1980 - 2010




Andre	1560	1773	1698	1977	2504	2578	2528	2503	2587	2568	2546	2514	2511	2343	2552	2535	2589	2617	2671	2531	2617	2497	2404	2365	2149	2188	2198	2258
Barn/unge														272	260	261	243	214	285	356	393	439	479	512	1075	1112	905	871
Jenter																				150	158	180	191	227	491	509	398	368
Direktemedlem													78	84	75	133	117	98	119	67	64	119	94	80	68	57	59	56
<b>Totalt:</b>	<b>1560</b>	<b>1773</b>	<b>1698</b>	<b>1977</b>	<b>2504</b>	<b>2578</b>	<b>2528</b>	<b>2503</b>	<b>2587</b>	<b>2568</b>	<b>2546</b>	<b>2514</b>	<b>2589</b>	<b>2699</b>	<b>2887</b>	<b>2929</b>	<b>2949</b>	<b>2929</b>	<b>3075</b>	<b>3104</b>	<b>3232</b>	<b>3235</b>	<b>3168</b>	<b>3184</b>	<b>3783</b>	<b>3866</b>	<b>3560</b>	<b>3553</b>


### NJFF Sogn og Fjordane 2011




### NJFF Sogn og Fjordane 2009



### NJFF Sogn og Fjordane 2003



### Barn/unge og jenter i NJFF Sogn og Fjordane



## Statistikk Internett

	Hits 2008	Hits 2009	Hits 2010	Hits 2011	Nr. i 2011
NJFF Hedmark	100.968	113.923	126.699	138.676	1 (44.978 visits)
Trondheim		93.965	108.519	122.711	2 (36.050 visits)
NJFF Akershus	87.624	76.854	67.699	70.093	3 (25.594 visits)
Bodø		91.539	88.824	87.865	4 (27.883 visits)
NJFF Østfold		74.534	73.381	90.755	5 (26.261 visits)
NJFF Sogn og Fjordane	40.104	51.649	53.351	54.538	6 (21.585 visits)
Askvoll og Holmedal jfl	448	5 588	6 418	9.845	Nr. 88
Aurland jfl	129	2 680	3 801	4.820	Nr. 115
Flora jfl	117	665	429	4.366	Nr. 251
Førde jfl		3 874	4 478	3.382	Nr. 118
Leikanger jfl		2 217	4 040	3.299	Nr. 136
Luster jfl	383	3 569	3 117	2.883	Nr. 138
Eid jfl	176	2 145	3 096	2.444	Nr. 143
Stryn og Hornindal jspfl	573	3 895	3 001	2.224	Nr. 135
Lærdal jfl		2 336	2 572	2.214	Nr. 151
Hyen jfl	119	143	629	723	Nr. 266
Gaular jfl	149	209	248	612	Nr. 284
Fjaler jsfl				347	Nr. 324
Jølster jspfl		294	127	302	Nr. 288

**Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.11**

1 datamaskin (pc)	Lenovo	2008
1 Flatskjerm, PC	Samsung	2008
1 bærbar PC	HP Pro Book	2011
1 Mobiltelefon	Nokia	2010
1 telefaks	Brother Fac-T74	2005
1 ISDN telefon	DORO bisy	1999
1 kopimaskin	Nashuatec D420	1997
1 skrivar	Lexmark x734de	2011
1 dockingstasjon		2011

**Utstyr til lån som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.11**

Skaphengar, (2000)  
 Elektrisk Dressurhalsband (utgått)  
 Målegevær  
 10 stk. startpistolar (2009)  
 2 hagler  
 2 rifler  
 2 luftgevær  
 2 stk. kulefanger, sjølvvanvisar  
 Gigant-lavvo (70 m<sup>2</sup>)  
 8-manns lavvo  
 2 stk. militærtelt m/ omn. Firkanta m/ vindauge (16m<sup>2</sup>)  
 10 makketroder utan snelle, 2000, 10 iskfiskesett + isbor m.m. (2005)  
 7 sjøfiske/ferskvasstenger (2001)  
 6 ferskvasstenger (2001-2002)  
 3 sett junior haspelstenger Shimano (2008)  
 6 sett flugestenger, Vision 9'6" #7-8. (2000)  
 5 sett flugestong, Vision 5' (2011)  
 3 sett flugestenger Fenwick junior cumbo, 8' #5 (2008).  
 1 sett flugestong Guideline 9'3" #7 (2008)  
 1 sett flugestong, Vision 9'6" #8. (2008)  
 10 sett flugebindarutstyr, (2007)  
 10 sett flugebindarutstyr, (2009)  
 4 stk oter,  
 Hov,  
 klepp  
 ABU røyk, stor.  
 Kaffekjele.  
 30 flytevestar  
 Mink - og mårfeller  
 2 slagfeller til rev  
 10 stk. kompass  
 Balansetau frå slakkligne.no (2008)  
 Buldrematte (2008)  
 2 stk. presenning  
 Øks, sag etc.  
 Ymse

# Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane

## Årsplan for 2012

### Satsingsområder:

- **Jakt og Fiske**
  - *Utøving av jakt og fiske*
  - *Ivareta naturgrunnlaget*
  - *Tilgang til jakt og fiske*
- **Opplæring og kunnskapsheving**
  - *Jakt- og Fiskeakademiet*
  - *Trening og konkurransar*
- **Informasjon og påverking**
  - *Generelt informasjonsarbeid*
  - *Politisk og forvaltningsmessig påverking*
- **Organisasjon**
  - *Planlegging, organisasjonsutvikling og drift*
  - *Rekruttering*
  - *Barn og ungdom*
  - *Kvinner – OPPTUR Jenter, Jakt og Fiske*
  - *Samarbeid med andre*



## Jakt og Fiske

- Vilt- og fiskebestandane skal haustast og forvaltast på ein berekraftig måte gjennom jakt og fiske til glede, nytte, god helse og livskvalitet for jegerane og fiskarane. Hausting skal skje sikkert og utan unødige liding for byttet. Utøvarane skal ha stor innsikt i aktivitetane sine og gode etiske normer. Jakt og fiske skal fortsatt vere ein del av det enkle og naturvenlege friluftslivet som tar i vare norske tradisjonar og kulturarv  
- Alle som bur i Noreg skal ha moglegheit for jakte og fiske dersom ein ynskjer det.

### Utøving av jakt og fiske

Redusere skadeskyting	“Betre Jakt” prosjekt: Kveldsseminar	23. jan 24. jan 25. jan 26. jan 31. jan 1. feb 2. feb	Stryn Eid Førde Ålhus Larvik Sogndal Lærdal	FV
	Sende ut DVD	Febr-april		



Bly	Følgje opp stortingspolitikarane			Leiar
Påverke Kystselforvaltning	FK – egne genetiske stammar? (Bestandsregistrering?)			?
Sportsfisketiltak	Følgje opp sentrale initiativ for å tilrettelegge for auka sportsfisketiltak i LL			FF
<b>Ivareta naturgrunnlaget</b>				
Hjorteviltforvaltning	Delta i lokale og regionale planprosessar vedr. hjorteviltforvaltning			FV
	Følgje opp saka om måneskinnsjakt			FV
Ettersøk	Utarbeide standardavtale kommune- ettersøksjeger			FI Ettersøk
	Vedlikehalde database ettersøksarbeid			Etters.utval
Bestandsovervaking	Deltakar merkeprosjekt hjort i Nordfjord Oterregistrering		Artsdatabanken	O. Bjørlo FV
	Utvide oterregistreringa?			FV
	Taksering rype og skogsfugl	August	Gaularfjell og Risbotn	FI Taksering
	Infomøter med grunneigarane taksering			FH / FI Taks.
Rovviltforvaltning	Motivere til innsats i lisensfelling /kvotejakt.			FV
	Følgje opp stortingsmelding om rovviltforv.			FV FS
	Deltakar kontaktutval rovvilt i S og Fj.			FS
	Deltakar ref.gruppe fellingslag store rovdyr			
Anadrom fisk	Uttale i saker vedr. oppdrett			FF
	Deltakar lakseråd			FF
	Følgje opp vedr. lakselus			FF
	Tiltak for å auke antal utvandrande smolt			FF
	Sjøaure: fokus og info, gjenutsetting etc.			FF
	Info og oversikt over kvar desinfisere fiskeutstyr			FF
Innlandsfiske	Satsing på innlandsauren			FF
Hav og kystområda	Brislingfiske i fjordane			FF
	Berekraftig beskatning			FF
	Informasjon ny minstemål			
Vind/vasskraft	Infomere LL om lokale saker			FF/FV
	Bistå LL i saker dei ynskjer hjelp i			
	Følgje opp Brulandsfossen			
Regionalt planarbeid	Delta aktivt m.t.p. naturmiljø og friluftsliv			FF, FV

Naturmangfaldlov	Bruke lova i høyringsaker		FF/FV
Vassforskrifta	Bruke forskrifta i høyringsaker		FF
	Delta i arbeid med regionale vassplanlegging		FF
Motorferdsel	Aktiv i høyringsaker		FV
Kulturlandskap	Aktive i høyringsuttalar		
Vilt- og fisketiltak	Bistå LL ved behov i kultiveringsarbeid		FV/ FF
<b>Tilgong til jakt og fiske</b>			
Retten til land og vatn	Følgje opp sentralt arbeid vedr. Finnmarks-eigedomen, følgje opp innstillinga frå Samerettsutval II		FS
Leigeforhold vedr. jakt og fiske	Bistå ved behov LL i enkeltsaker med rettshavarar, prestegardsrettar etc.		FF / FV
Framleige	Følgje opp søknader i lakseelver Leigejakt kan vere problematisk vedr. ettersøk, følgje opp saker		FF FV
Jakt- og fiskekort	Oppdatere oversikt over jakt- og fiskekort		FV, FF
Jakt i verneområde	Følgje opp verneforskrifter mtp jakt, spes. i våtmarksområder		FV
Jakt med hund	Informere om moglegheiter for jakt med hund		FH
Funksjonshemma	Bistå i tilrettelegging av fiskeplassar	Sogndal	FF
Inatur	Informere om iNatur til LL og medlemmer		FS

## OPPLÆRING OG KUNNSKAPSHEVING

- NJFF skal bli det naturlege miljøet å søke seg til for å få kunnskap om jakt, fiske og tilhøyrande aktivitetar. Opplæringsverksemda skal bli ein av dei største kontaktflatene mellom organisasjonen og samfunnet.
- Omfanget av den organiserte kursverksemda skal aukast og kvaliteten forbeistrast.
- Organisasjonen skal vidareutvikle konkurranseverksemda innan jaktsskyting og fiske for å fremje ferdigheiter og kunnskap

### Jakt- og Fiskeakademiet

Jegerprøve	Oppdateringskurs instruktørar	11.feb.	Skei	FI Jegerpr.
	Oppdateringskurs instruktørar	28. apr.	Skei	FI Jegerpr.

	Instruktørkurs	13-15.jan	Førde	FI Jegerpr.
Ettersøk	Fagdag Ettersøk	18. aug.	Skei	Etters.utval
	Foredrag på Betre Jakt seminar	23. jan	Stryn	FI Ettersøk
	Foredrag på Betre Jakt seminar	24.jan	Eid	FI Ettersøk
	Foredrag på Betre Jakt seminar	25. jan	Førde	FI Ettersøk
	Foredrag på Betre Jakt seminar	26. jan	Lavik	FI Ettersøk
	Foredrag på Betre Jakt seminar	31. jan	Ålhus	FI Ettersøk
	Foredrag på Betre Jakt seminar	1. feb.	Sogndal	FI Ettersøk
	Foredrag på Betre Jakt seminar	2. feb	Lærdal	FI Ettersøk
	Foredrag på viltseminar	24-25.nov	Førde	FI Ettersøk
Jakthund	Grunnkurs Jakthundinstruktør	30.03-01.04	Skei	FI Ettersøk
	Instruktørkurs Dressur	1.-3. juni	Skei	FI Ettersøk
	Kartlegge behov for kurs jakthund			FH
Fuglehund	Vintersamling fuglehundar	18-19. febr.	Gaularfjell	FH
Rovvilt	Medarrangør lokkekurs rev iJølster	29.02	Skei	FS
Opplæringsjakt	Kurs fjellrypejakt jenter	28.-30.okt	Gaular	KK
	Fuglehundutvalet tilbyr opplæringsjakt m fuglehund 2-3 helgar		Gaularfjell	FH
	Informere om tilbud i Sogn og Fjordane til j.p. kandidatar og lokallaga		Gaularfjell	FH
				FS
Viltseminar	Saman med samarbeidspartnerane	24.-25. nov.	Førde	FV
Jaktskyting	Kvalifiasjonskurs jegerprøva (8t)			
Fiske	Instruktørkurs flugekasting	27.-29. apr.	Førde	RS
	Fjellfisketur for jenter	24.-26. aug	Gaular	KK
Organisasjon	“Verktøykasse-kurs” / mini org.kurs	19. jan	Førde	FI Org.
	Org.kurs etter behov		Nordfjord	FI Org.
			Sogn	FI Org.
<b>Trening og konkurransar</b>				
Jaktskyting	Samordne terminliste			Skyteutval
	Premiar til FM og LM			Skyteutval
	Premiar Sogn og Fj. Cup og Våpenloftetcup			Skyteutval
	Bistå LL ved behov på stevner			Skyteutval
	Arrangere Sogn og Fjordane Cup, jegertrap			Skyteutval
	Arrangere Våpenloftetcup, jaktfelt			Skyteutval
	Rekruttere skyttarar i alle disiplinær			Skyteutval
	Få i gang stemner på fleire baner			Skyteutval
Treningsterreng	For fuglehundar Gaularfjell (Gaular)	15.10-31-03	Gaularfjell	FH

	Fornye avtala Langestølen	Februar		FH
	Skaffe skriftleg avtale –Risbotnen (Balestr.) og Thorsnesstølen	februar		FH
Fuglehund – konkurransar	Lagsmeisterskap Vinterprøve for fuglehundar	19. febr. 3.-4. mars	Gaularfjell Gaularfjell	FH FH
Ettersøk	Setje opp vandrepremie på blodsporprøve			Etters.utval

## INFORMASJON OG PÅVERKING

- Skal vere ein aktiv informasjonsspreiar både internt og eksternt, og skal stimulere til auka kunnskap og interesse og større forståing for jakt og fiske i befolkninga. Marknadsføringa skal bli meir heilhetleg. Påverke for å legge til rette for gode rammevilkår for jakt, fiske og NJFF si verksemd.

### Generelt informasjonsarbeid

Kommunikasjonsstrategi	Følgje opp vedteken strategi sentralt			Alle
Informasjon	Informasjonsverksemd i enkeltsaker Pressemeldingar			Leiar
Elektronisk kommunikasjon	Nettportal – spreie informasjon Facebook – legge ut aktivitetar mm E-post – spreie informasjon, Jeger & Fisker			FS
Verdigrunnlag	Synleggjere organisasjonen sitt verdigrunnlag, kurs, årsplan etc.			Alle
Funksjonshemma	Informere om fiskeplassar og skytebaner som er tilrettelagd for funksjonshemma			FS
Treningsterreng	Informere godt om treningsterreng for fuglehundar på Gaularfjell, lage infoplan			FH
Marknadsføring – film	Lage små filmsnuttar for å presentere aktivitetar for barn og unge			UA
<b>Politisk og forvaltningsmessig påverking</b>				
Off. myndigheiter og forvaltning	Arbeide aktivt overfor FM og FK for å påverke i saker og beslutningar med betyding for jakt, fiske, vilt og fisk			Leiar
Ettersøk	Kontakt m lokal myndigheit og ettersøksringar			FI Ettersøk

## ORGANISASJON

- Vere ein aktiv og moderne interesseorganisasjon som utviklar og tilpassar seg samfunnsendingar og nye - rammevilkår, samtidig som vi tek i vare erfaringsgrunnlaget.
- Sogn og Fjordane skal ha kontinuerleg medlemsvekst.
- Syte for at born og unge får så gode moglegheiter for jakt og fiske og øvrige tilbod, at dei naturleg søker seg både til utøvinga og NJFF som medlemmer
- Legge til rette for at fleire kvinner utøver jakt og fiske, og at antal kv. medlemmer og tillitsvalde aukar.
- Samarbeide med andre organisasjonar og interesse miljø som har interesser for jakt, fiske og våre interesser for øvrig, for å skape alliansar i samfunnet.

### Planlegging, organisasjonsutvikling og drift

Planlegging	Utarbeide årsplan for fylkeslaget	Jan-febr		Alle
Internskulering FL	Samling RI Jegerprøve	17-19. feb	Flå	FI Jegerpr.
	Samling FL Ungdomsansvarlege	13.-15. apr	Flå	UA
	Samling FI Aversjon	20-22. apr	Flå	FI Aversjon
	Samling FI Ettersøk	20-22. apr	Flå	FI Ettersøk
	Samling FI Taksering	8-10. juni	Flå	FI Taksering
	RS / Fylkesleiarsamling	2.-3.feb	Flå	Leiar
	RS / Fylkesleiarsamling	Nov?	Lillestrøm?	FS
	Fylkessekretærsamling	2.-3. feb	Flå	Leiar
	Fylkessekretærsamling	Nov?	Lillestrøm?	FS
Utval	Etablere ungdomsutval			UA
Årsmøte		17.-18. mars	Skei	Leiar
Landsmøte		16.-18. nov	Lillestrøm	Leiar
Leiarkonferanse	Vurdere leiarkonferanse, t.d. på Flå el. 3-delt med lokallagsstyra i nærleiken			Leiar
Økonomiske tilskot	Søkje om økonomisk tilskot til verksemda	15. jan.		FS
	Sende oversikt stønadsordningar til LL			FS
	Sende sms til LL når frist nermar seg			FS
<b>Rekruttering</b>				
Medlemsvekst	Påverke LL til god rekrutteringsaktivitet			Alle
Medlemsfordelar	Prisdifferensiere medl – ikkjemedlem Marknadsføre medlemsfordelar Evt. opprette nye fordelar			Alle
Revitalisere LL	Følgje opp og bistå LL ekstra (KK og UA følgjer opp KK og UA i alle desse laga) Bistå med aktivitetsplan?? Utarbeide og presentere startegi på årsmøte?? (Sjå fil til Øyvind frå arb.møte – org.)	Heile året	Førde jfl, Gaular jfl, Askvoll og H Gloppen jfl Sogndal jsfl	FS (FV?) FV, FS FF ? Per

Oppfølging LL	Følgje opp LL – telefonkontakt og besøk			Alle
Opne lukka LL	Der det vert naturleg, påverke til at LL fornyar vedtekter og opnar for alle medl.			FS
<b>Born og unge</b>				
Prisar	Barne- og ungdomsprisen 2011 Heidersprisen			Styret
Jakt og fiskeskule	Bistå og påverke til at 2 LL opprettar jakt- og fiskeskular			UA
Fylkesleir	For ungdom 11-15 år, saman med LL i Førde, Gloppen og Hyen	8.-10.juni. juni	Nesholmen	UA
Villmarksleir	For ungdom 15 +, saman med 4H og Gaular jfl	21.-23. feb	Viksdalen	UA
Den naturlege skulesekken	Påverke til at NJFF sine aktivitetar vert del av den naturlege skulesekken			UA
Politiattest	Informere og bistå LL			FS
UA-samling	Samling for Ungdomsansvarlege i LL Med kveitefiske?	20.-21. april	?	UA
Revitalisering LL	Bistå UA i LL som revitaliserast m.hj. av FL:		Førde, Askvoll, Gaular, Gloppen Sogndal	UA UA UA UA UA
<b>OPPTUR – Jenter, Jakt og Fiske</b>				
Kvinnekont.samling	Samling for kvinnekontakter i LL	17-18.feb	Lunde, Skei	KK
Fleire KK i LL	Påverke LL til å oppnemne KK, helst i styret			KK
Revitalisering LL	Bistå KK i LL som revitaliserast m.hj. av FL		Førde, Askvoll, Gaular, Gloppen Sogndal	KK KK KK KK KK
<b>Samarbeid med andre</b>				
Grunneigarar	S og Fj. Skogeigarlag, Bondelaget – prosjekt, rovvilt, jakt og fiskekort etc.			FF, FV, FS
FK og FM	Tildeling midlar, prosjekt			

FNF Deltakar styringsgruppa, fellesmøter,  
årsmøte, uttalar mm.

Friluftsansjasjonar	Gjennom FNF I høyringsuttalar ved behov Aktivitatar : Villmarksleir med 4H Aktivitatar: Fylkesleir med 4H Aktivitatar: 4H sitt Storkurs ?	Alf? FV / FF UA UA FF / FV, fl.
---------------------	---	---

**BUDSJETT 2012 med rekneskapstal frå fjoråret**

	<i>Res-2011</i>	<i>Bud-2012</i>
<b><u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u></b>		
	-159	-160
3100 Andel kontingent	287,00	000,00
	-145	-202
3110 Deltakaravgift	895,00	000,00
3120 Salsinntekter effektar	-200,00	-45 000,00
3400 Tilskot NJFF	-57 014,00	-58 000,00
	-169	-405
3401 Tilskot FM og FK	010,00	000,00
3410 Andre tilskot	-57 793,50	-6 000,00
3411 Grasrotandel	-746,40	-1 000,00
3420 Momsrefusjon	-20 406,00	-20 000,00
3620 Leige: treningsterreng	-11 150,00	-14 500,00
3970 Annonseinntekter	-44 000,00	-48 000,00
	-665	-959
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>501,90</b>	<b>500,00</b>
<b><u>DRIFTSKOSTNADER</u></b>		
4300 Innkjøp effektar	17 395,00	66 500,00
4390 Endring varelager	2 550,00	1 000,00
5000 Honorar / lønn tillitsvalgte	4 955,00	119 500,00
5400 Arbeidsgjevaravgift	581,50	
5901 Gåver til tillitsvalde og LL	13 975,13	12 000,00
6300 Leige lokale	35 700,00	55 000,00
6301 Leige av Gaularfjellet	18 000,00	19 000,00
6310 Feilføring	481,61	
6500 Kjøp av utstyr, inventar	12 480,00	35 600,00
6510 Kjøp av premiar	12 317,75	20 000,00
6552 Programvare (software)	2 200,00	2 000,00
6620 Reparasjon og vedlikehald		
utstyr		2 000,00
6700 Kjøp av aktivitetar	21 406,50	27 000,00
6710 Annonse	34 850,00	44 000,00
6800 Kontorrekvisita	20 792,36	11 000,00
6820 Trykksak		52 000,00
6840 Aviser, tidsskrift, bøker	13 610,00	2 200,00
6850 Kursutgifter	95 753,50	24 400,00
6860 mat, opphald	107 689,32	212 900,00
6870 Utadretta verksemd	573,00	10 000,00
6900 Telefon og Internett	19 323,91	20 000,00
6940 Porto	8 081,14	25 000,00
7090 Annen kostnad transportmidler	453,00	
7100 Bilgodtgjerse	93 961,42	166 600,00
7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.pl.	23 123,20	4 000,00
7500 Forsikring	9 236,00	10 000,00
7770 Bank- og kortgebyr	687,00	1 000,00
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>570 176,34</b>	<b>942 700,00</b>
<b><u>FINANSIELLE POSTER</u></b>		
8051 Renteinntekter	-242,00	-5 000,00
<b>SUM FINANSIELLE POSTER</b>	<b>-242,00</b>	<b>-5 000,00</b>
<b>RESULTAT (Overskudd)</b>	<b>-95 567,56</b>	<b>-21 800,00</b>



**VEDTEKTER****NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND  
-SOGN OG FJORDANE**

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 18.03.06

Godkjendt av NJFF 09.02.07

**DEL I****§ 1. NAMN**

*Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.*

**§ 2. FORMÅL**

*Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:*

*Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:*

- å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv.*
- å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest moglege motiverte utøvarar.*

*Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.*

*Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.*

**§ 3. LEIANDE ORGAN**

*Laget sine leiande organ er:*

- a) Årsmøtet*
- b) Ekstraordinært årsmøte*
- c) Styret*

*Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.*

Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.

#### **§ 4. ØKONOMI**

Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset.

Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten.

Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.

### **DEL II**

#### **§ 5. ÅRSMØTE**

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Årsmøtet skal kallast inn med 6 veker skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.

Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Lag med inntil 200 medlemmer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer, -maksimalt 6 representantar.

Medlemmer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.

Årsmøtet skal handsama følgjande:

##### 13. Konstituering av møtet

- Godkjenning av fullmakter
- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av saklista
- Godkjenning av forretningsorden
- Val av ordstyrar
- Val av sekretær
- Val av teljekorps
- Val av 2 representantar til å skriva under møteboka

##### 14. Årsmelding frå siste kalenderår.

##### 15. Revidert rekneskap frå siste kalenderår.

##### 16. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.

##### 17. Andre saker som styret har sett opp på saklista.

##### 18. Styret sitt framlegg til årsplan.

##### 19. Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.

##### 20. Styret sitt framlegg til budsjett.

##### 21. Val av styre i medhald av § 7.

##### 22. Val av valnemnd på 3 medlemmer - mest mogleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.

##### 23. Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.

##### 24. Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).

Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i

kvoten til fylkeslaget.

*Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.*

*Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.*

### **§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

*Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.*

*Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.*

### **§ 7. STYRE**

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagleiar vilt og fagleiar fisk.*

*Fagleiar vilt og fagleiar fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling.*

*Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for fagområde innan jakthund. 2. vararepresentant er ordinært varamedlem.*

*Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.*

*Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett.*

*Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.*

1. *Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagleiar vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
2. *Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*

*Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltrer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

### **§ 8. STYRET SITT ARBEID**

*Styret skal:*

1. *Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
2. *Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpa desse med råd og opplysningar.*
3. *Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*

4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.
5. Sende saker til høyring i lokallaga.
6. Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.
7. Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.
8. Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.
9. Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.
10. Styret kan oppnemne egne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.
11. Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.
12. Utnemne fylkesinstruktørar.
13. Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.
14. Styret utarbeidar instruks for styremedlemer og instruktørar.
15. Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.
16. Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.
17. Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.

*Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.*

#### **§ 9. VEDTEKSENDRINGAR**

*Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.*

*Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.*